

Orientering om masseavhendinga

Statleg reguleringsplan PlanID NO201703



Orientering om masseavhendinga

1. Om avhendinga

Som del av planarbeidet i fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna–Stanghelle, søker Statens vegvesen (SVV) og Bane Nor (BN) etter interessentar som ønskjer å kjøpe/overta steinmassar frå prosjektet. Nye løysingar for veg og jernbane vil i stor grad vere tunnelar. Samla overskot av steinmassar i prosjektet er i storleik 10–11 mill. m^3 (volum målt i fylling). Utlysinga er ein del av arbeidet med å finne mest mogleg samfunnsnyttig bruk av steinmassane.

I første omgang ynskjer SVV/BN å inngå intensjonsavtalar med kvalifiserte interessentar som melder seg. Eitt kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessant ynskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 m^3 tunnelstein.

Les meir om prosjektet her:

<https://www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle>

2. Tidsperspektiv

Uttak av stein frå anlegget vil mest truleg pågå over ein periode på rundt fire–fem år. Prosjektet ligg inne i Nasjonal transportplan 2018–29 med oppstart etter 2024. Før godkjent plangrunnlag og fullfinansiering er på plass kan ein i dag likevel ikkje seie eksakt når anlegget vert gjennomført og massane er tilgjengelege.

3. Type massar og kvalitet

Det vert lagt opp til tradisjonell drivemetode for tunnelane, ikkje tunnelboremaskin. Massane vil då i hovudsak vere eigna som fyllmasse. Nærare informasjon om bergmasse og kvalitet er gitt i eige notat (Sweco, 2019) og bergartskart som følgjer med utlysinga.

Massar frå tunnelsprenging har mindre andel grove blokker og høgare andel finstoff enn frå vanlege steinbrot. Sprengt berg vil innehalde sprengstoffrestar av nitrat, ammonium samt nitrogenforbindelsar. Det kan også vere restar av plast i massane. Under driving av tunnelene vil det bli steinmassar som vert liggjande i tunnelsålen (bakken) mens arbeidet med tunnelen går vidare framover (anleggsvegdekke). Desse massene er våte ved utkøyring og inneheld betydelege mengder finstoff, opptil 5 % av tunnelmassen.

4. Grensesnitt


Normalt vil grensesnittet vere at byggherre (Statens vegvesen/Bane Nor) er ansvarleg for transport av massar fram til omlasting, eller nærare avtalt mellomlager nær tunnelåpning/kai, medan mottakar er ansvarleg for mottak, transport og vidare godkjent deponering/behandling av massane.

Mottakar må ha etablert ein mottaksinfrastruktur med tilstrekkeleg kapasitet i forhold til kontinuerleg anleggsdrift i prosjektet Arna–Stanghelle. Statens vegvesen vil i utgangspunktet ikkje bearbeide massane før levering.

Mottakar er ansvarleg for at nødvendige planar og godkjenningar for eige tiltak føreligg før oppfylling startar. Avhengig av valt løysing/bruk av massane vil Statens vegvesen/Bane Nor i forhandlingar drøfte nærare forhold knytt til mottaket av massar og grensesnittet for involverte partar, samt evt. økonomiske forhold.

5. Transport

Reguleringsplanen legg opp til at minimum 2/3 av overskotsmassane vert teke ut av tunnelane gjennom tverrslag til midlertidige flytande kaianlegg. Det vert sannsynleg etablert tre slike transporttunnelar til sjø, om lag midt på kvar av dei tre tunnelstrekningane. Ved tunneldrivinga vil maksimal døgproduksjon ved kvart av dei tre tverrslaga vere rundt 3–3.500 pfm³ (faste kubikk), tilsvarande rundt 10.000 tonn stein. Byggherre ynskjer å legge til rette for at større deler av overskotsmassane kan fraktast vidare på lekter/skip (sjøtransport) til eksterne mottakarar. I tillegg vert det også søkt om å kunne etablere sjødeponi ved tverrslaga. Det vil og vere aktuelt at deler av masseoverskotet kan fraktast vidare på offentleg vegnett til landdeponi og eksterne mottakarar.



Ved sjøtransport vil SVV/BN vere ansvarleg for, og koste etablering av midlertidig kai/lasteanlegg samt opplasting. For lekter-transport til relativt anleggsnære deponi/mottak kan det vere aktuelt at SVV/BN i praksis også handterer transporten, men der mottakar dekkjer kostnadene ved dette. For lengre sjøtransport med skip vil mottakar sjølv vere ansvarleg for transportmateriell (skip) og transportkostnader til sitt eige mottak. Ved transport på offentleg veg vil mottakar vere ansvarleg for opplasting og transport frå avtalt mellomlager. Mottakar av massane vil vere ansvarleg for at all transport etter mottak av massar er i samsvar med gjeldande lover og reglar, og at eksisterande vegar, konstruksjonar ol. har tilstrekkeleg tåleevne.

6. Krav til kapasitet

Kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessent ynskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 m³ tunnelstein. Minimum mottakskapasitet er sett til 5000 m³/døgn basert på 6 dagars veke. Det vert lagt vekt på at interessentar kan tilby stabilt mottak slik at ein ikkje risikerer forseinkingar i planlagt leveranse.

7. Krav til svar

Interessenten må i si interessemelding til Statens vegvesen/Bane Nor omtale følgjande:

1. Planlagt bruk av massane
2. Lokalisering
3. Mogleg tilkomst til mottaket
4. Antatt eigna transportmetode for frakt av massane frå anlegget til mottak
5. Kort omtale av status for mottak: attståande planprosess/-handsaming, grunnundersøkingar mv., og planlagt etterbruk
6. Antatt volumkapasitet/ ønskje om mengde massar (min. 100.000 m³).

8. Adresse for interessemelding

Interessemelding sendast på epost til olalof@vegvesen.no

Epost merkast «Interessemelding, Arna-Stanghelle»

9. Kriterier for utvelging/avtaleinngåing

Basert på mottekne interessemeldingar ønskjer Statens vegvesen/Bane Nor å gå i dialog med ein eller fleire aktørar som til saman dekkjer prosjektet sitt behov.

Viktige kriterier for utvelging vil vere:

- Bruk av massane til allmennyttige formål vil prioriterast
- Kapasitet/ sikkerheit for stabilt mottak

- Transportkonsekvensar: trafikktryggleik, miljø, belastning på veg
- Økonomiske vilkår

Statens vegvesen/Bane Nor ønskjer i første omgang å inngå intensjonsavtalar med aktuelle aktørar. Avtalar vil fornyast og stadfestast med jamne mellomrom inntil bindande avtalar som regulerer alle sider ved avhendinga vert inngått.

Det kan etablerast intensjonsavtalar for eit større samla volum enn det som faktisk er tilgjengeleg. Uavhengig av inngåtte intensjonsavtalar har Statens vegvesen/Bane Nor også rett til å inngå avtalar med andre interessentar som melder si interesse undervegs i prosjektet.

Spørsmål til utlysinga kan rettast til Statens vegvesen ved

- Olav Lofthus, tlf 55 51 62 12 / olalof@vegvesen.no
- Gunnar Söderholm, tlf 57 65 57 89 / gunsod@vegvesen.no